

Hordaland Nei til EU - framlegg til vedtak på årsmøte 15. mars 2024

Nei til marknadsstyrte energiprisar i Noreg!

Premissane for el-energien i Noreg er i dramatisk endring i feil retning. Medan me tidlegare hadde full, nasjonal råderett over vasskrafta vår, har me sidan innføringa av EØS-avtalen blitt meir og meir prisgitt marknadsstyrte, utanlandske energiprisar.

Me treng ikkje styra politikken vår som om me er i union med EU når me faktisk ikkje er det!

Den tidlegare samkjøringa mellom Noreg og Sverige, som stort sett var basert på vasskraft, fungerte godt. Dette sidan prisane ikkje var marknadsbaserete.

Men samkjøringa med resten Europa gjennom stadig fleire kablar og underlagt Europaunionen sine marknadsreglar, har gjort straumen så dramatisk dyr i periodar at el-basert industri og næringsliv er nedleggingstruga. I tillegg kjem den urovekkjande verknaden på privathushaldningane.

Elektrisk kraft har den unike eigenskapen at kvaliteten er den same uansett kvar og korleis den vert produsert. Likevel er det hundrevis av ulike, ikkje-produserande selskap med sine mange, høgtløna medarbeidarar som kappast om å levera denne vara til høg pris til oss brukarar med relativt små interne prisskilnader. Dette skulle vera totalt unødvendig: Det offentlege bør ha einerett på omsetninga av elektrisk straum til kostpris med eit minimalt, nødvendig minstepåslag. Noreg er IKKJE med i EU og kan difor sjølv styra prisfastsetjinga i eige land. Likevel er dei ulike, norske regjeringane, uansett politisk farge, livredder for å utnytta reservasjonsretten innan EØS-avtalen på el-energiområdet.

Nei til EU er imot EØS-avtalen, men så lenge me har denne husmannskontrakta, bør me utnytta dei reservasjonsrettane me har fullt ut. At regjeringane er «redder» for å seia nei til overgrep fra Europaunionen sine marknadslover, fortel vel litt om kva dei står for i høve til overstyring av vår sjølvråderett!

Noreg har eit klima som treng straum heile året. I vinterhalvåret til all bruk, både privat hushald og til næringslivet. I sommarhalvåret mindre til privat, men like mykje som i vinterhalvåret til kraftkrevjande industri.

Noreg som eit av verdas rikaste land pr innbyggjar forsterkar den generelle dyrtida med marknadsstyrte energiprisar. Dette gjer næringsliv nedleggingstruga og stadig fleire privathushaldningar til fattig-klientar. Me kan ikkje godta dette lenger!

Difor: Me seier nei til den europeiske unionen si marknadsstyring av energipolitikken og ja til oppseing av EØS-avtalen, som er ei av årsakene til dette problemet.